

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 15.04.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av MDG og A:

- «1. Hordaland fylkeskommune rår frå overføring av Stølselva grunna manglande dokumentasjon i konsekvensøknaden og av omsyn til friluftssinteresser.
2. Om NVE gir løyve til overføring, rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring grunna omsyn til det verdifulle fjordlandskapet.
3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 6 røyster (med utvalsleiar sin stemme) mot Tomren sitt forslag som fekk 6 røyster (MDG, A og Krf).

### Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Stølselva.
2. Av omsyn til det verdifulle fjordlandskapet rår Hordaland fylkeskommune til minstevassføring.
3. Hordaland fylkeskommune vil nok ein gong be NVE om å stilla strengare krav til dokumentasjon i konsesjonssøknader før dei kjem på høyring. Søknader som ikkje er i samsvar med naturmangfaldlova og retningsliner for søknader i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, må ikkje sendast på høyring.